

# Styremøte 6-2016 - Referat

Tirsdag 26. juli 2016 kl. 18:00 hos Alvin

Desse kallast inn: Terje Edvardsen, Alvin Honningsvåg, Arne Hjertenes, Inge Bakke.

## Saker

### 1. Omsetting av båtplasser

Vedtektene er ikke klare på dette punktet. Det overlates til styret å vurdere, frå gang til gang, om vi skal tilby ledige plasser til folk som vil bytte, før den kan selges. Vi må vurdere om vi skal foreslå for årsmøtet å endre vedtektene på dette punkt.

Det er også uklart om den som står på en av ventelistene, enten det er for kjøp eller bytte, mister plassen sin på listen hvis han/hun avslår å kjøpe/bytte. Det har vært varierende praksis på dette.

Vedtak:

Styret foreslår følgende vedtektsendring for årsmøtet:

#### **Noværende ordlyd punkt 6 og 7 i paragraf 10 Omsetting av båtplassar:**

6. Holmavika hamnelag kan ved omsetting av plass, nytte høvet til utviding av eksisterande plassar og internt byte av plass.

7. Styret fører liste over dei som har søkt om bytte av båtplass i hamnelaget. Kun skriftlege søknadar vert behandla.

#### **Ny ordlyd:**

6. Styret skal føre liste over dei som ynskjer å bytte plass i hamna.

7. Plass som vert til sals skal først tilbys dei som står på byttelista (paragraf 10, punkt 6). Ledig plass etter eventuelt bytte skal igjen tilbys byttelista inntil ingen på lista ønsker å bytte til den plassen som står att. Først då kan plassen seljast til dei som står på lista over dei som har søkt om båtplass i hamnelaget (paragraf 10, punkt 4).

Det er høve til å avslå tilbod om kjøp av plass utan å miste ansienniteten sin på byttelista (paragraf 10, punkt 6).

Når det gjeld kjøpslista (paragraf 10, punkt 4) må avslag grunngevast. Styret skal vurdere grunngevinga.

Dersom det ikkje ligg føre nokon grunngeving eller dersom styret ikkje kan godta denne, vil vedkomande miste ansienniteten sin på lista. Dei som får tilbod skal orienterast om dette.

### 2. Planlegging av lagshus

Vi må komme i gang med dette slik at vi har et ferdig kostnadsberegnet prosjekt til årsmøtet i februar.

Vedtak:

Styret lager ein romplan og ber om å få tegnet og planlagt bygget hos Bygger'n Selje. Romplan:

Handikapptolett med handvask og dusj, vaskerom, bossrom, tekjokken, oppholdsrom. Universell utforming (tilgang for rørslehemma).

Terje tek kontakt med Vidar Berge, Byggern Selje.

### 3. Dugnad

**Tirsdag 2. august kl. 17.**

Inge kallar inn Geir Ove Liseth, Atle Nøstdal, Bjørn Berge, Frode Liland, Arne Hjertenes, Inge Bakke, Terje Edvardsen, Alvin Honningsvåg, Geir Petter Hatlenes, Tor Seljeseth, Audun Larsen, Ole Oddan.

#### 4. Saker til framtidig handsaming i styret

- Plass B på C-brygga: Gangbar uttrigger eies av Holmavika Hamnelag og fortøyningsbommen er lagret på land. Den får altså ingen konsekvens for verdien av plass C10 (Unni Sørland Pedersen).
- Annelise Hove sin plass er ikke med på bryggekartet. Skal ha nummer C-C.
- Manglende regel for om leietakere av plass skal betale medlemspris for slipping.
- Manglende regel om at slippmannskapet kan få gratis slipping.

MØTET SLUTT